

Saksprotokoll i fylkesutvalet – 23.05.2017

Anne Beth Njærheim (V) sette på vegner av V fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen legge til rette for opplæring / informasjon om tema varsling for politikarar.»

Røysting

Fylkesutvalet vedtok samråystes innstillinga.

Njærheim sitt forslag vart samråystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Vedtak

Utkast til revidert rutine for varsling i Hordaland fylkeskommune vert gjort gjeldande som rutine for varsling i Hordaland fylkeskommune med følgjande endringar:

Side 4 av 4 i rutineframlegget, pkt. e) vert endra til:

Dersom leiar eller varslingsutvalet går vidare med saka, skal den som har varsla få tilbod om oppfølging. Det kan i denne samanheng vurderast om det er behov for å hente inn eksternt bistand (av kompetansemessige, kapasitetsmessige, habilitetsmessig eller andre omsyn). Dersom varslaren ønskjer det sjølv, kan ein og vurdere mellombels skifte av arbeidsmiljø medan saka går føre.

Side 5 av 5 i rutineframlegget pkt. «Administrasjon, rapportering og evaluering», første avsnitt, siste setning, vert endra til:

Utforming av kursopplegg skal skje i samarbeid med dei tillitsvalde.

Same pkt., andre avsnitt, første setning:

Det skal årleg rapporterast til HAMU, fylkesutvalet og kontrollutvalet om mellom anna følgjande: